

Kyrkjetonar





For eg er viss på at verken død eller liv, verken englar eller krefter, verken det som no er eller det som koma skal, eller noka makt, verken det som er i det høge eller i det djupe, eller nokon annan skapning, skal kunna skilja oss frå Guds kjærleik i Kristus Jesus, vår Herre.

Romarane 8, 38-39

Framsdebiletet:
Solblom på en veikant i Våg.
Den blomstrer i juni og var vanlig på hele Haugalandet før. Den trivdes i det gamle kulturlandskapet. Nå er den i sterk tilbakegang.
foto: Asbjørn Erdal

Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft,
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
Mobiltelefon 900 26 142,
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Marie Vågshaug, Steinar Høyvik,
Ingrid Hustoft Landro og Asbjørn Erdal

Post til redaksjonen kan også sendast:
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon:
52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 3240.07.61212.

VIPPS-nummer: 523083

Frivillig kontigent: kr. 150,-

Kasserar: Børge Løype,
5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Kyrkja i Tysvær og Bokn

Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn

Telefon*: 52 75 77 00

Internett: www.tysvaerkirken.no

E-post: kyrkja@tysver.kommune.no

Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn

åpningstid: tirsdag, onsdag, torsdag og fredag, kl. 10 - 14

Digitalt gudstenestefelleskap

Natta mellom laurdag 10. og søndag 11. januar 2015 blåste stormen «Nina» ned ei gran ved Nedstrand kyrkje, tok med seg nokre takstein og skada deler av taket. Straumen var borte og kyrkja iskald. Me som kom fyrst for å sjå på skadene var einige om at «her kan me ikkje feira gudsteneste. Me må avlysa.» Men når sokneprest Dag Tormod Milje kom, var beskjeden klar: «Så langt det går skal me unngå messefall.» Så då tok me utfordringa og gjennomførte gudstenesta på Nedstrandstunet med straum og varme frå deira aggregat.

Hendinga gav meg ei påminning om å ikkje la noko hindra oss frå samvær med Gud.

Så kom mars 2020. Det vart «messefall» av eit virus - ikkje når eit tre fall på kyrkja. Arrangement som har gått regelmessig i tiår og århundre vart plutsleg avlyst, utsett og stengt.

Det gjekk ikkje mange dagane før dei fyrste videoane og direktesendingene dukka opp på Facebook. Prestane og resten av staben har snudd seg fort, og funne nye måtar å formidla Jesu evangelium. Me ser også at kven og kor mange som har sett slike «digitale gudstenester» langt overgår besøket på vanlege gudstenester.

Nå opnar samfunnet etterkvart opp att. Nokre av kyrkjene opna 17. mai, med deltakarlistar og spritflaske i døra. Andre trengte lengre tid på å vera klar, men nå har alle kyrkjelydane vore samla igjen.

Me må ikkje gløyma dei som framleis ikkje kan delta: Dei i risikosona for korona. Når samfunnet opnar opp for oss andre, verkar det endå meir stengt for dei som ikkje kan komma.

Våren 2020 har gjeve ny inspirasjon til både stab og frivillige i kyrkja. Fleire har fortsett med små videosnuttar på sosiale medier, som eit supplement til nyopna kyrkjer. Kanskje har me erfart at våre vanlege, tradisjonelle gudstenester ikkje passar for alle.? At den same bodskapen, presentert på ein annan måte i eit anna medium, kan nå ut til endå fleire?

Ståle Hustoft

Redaksjonen avslutta 7. juni

PS: Det ligg vedlagt giro for bladpengar i dette nummeret. Me er glade for alle bidrag til drifta av Kyrkjetonar, anten det er forbøn, gåver på giroen eller gåver til vippsnummer 523083

redaktørens hjørne

En oppdatering i koronatid: Ny ungdomsdiakon til høsten

av Asbjørn Erdal

– Vi ønsker å styrke og få mer fart i ungdomsarbeidet vårt, sier Sigmund Susort, som er formann i menighetsrådet i Førresfjorden. Hvordan vi skal få dette til, har ofte blitt diskutert på møtene våre. Derfor er det veldig gledelig at vi nå fra høsten av får en ungdomsdiakon i kirken, sier Sigmund.

Bispedømmerrådet betaler for halve stillingen i tre år, mens KFUK/M bidrar med 30% og menighetsrådet med 20%. Dermed blir det en full stilling som nå er lyst ledig. Den nye ungdomsdiakonen skal engasjere unge mellom 15 og 30 år, jobbe med ungdomsarbeid og være et kontaktledd mellom ungdomstilbudet i kommunen og Førresfjorden menighet.

– Ellers må jeg si at dette har vært en underlig og rar vår, sier Sigmund. Alle de unge som hadde gledet seg til konfirmasjonen nå i mai, har måtte utsette den til høsten. Men etter sommeren starter en opp igjen konfirmant-arbeidet. Man regner med at høstens nye konfirmanter får begynne som vanlig.

– I menighetsrådet diskuterer vi også hvordan ungdommene skal få en enda bedre konfirmanttid, sier Sigmund. – Kanskje vi må være villige til å åpne opp med grupper i private hjem. Dette hadde vi tidligere, og her var det gode tilbakemeldinger både fra gruppeledere og konfirmanter.



Sigmund Susort er veldig glad for at menigheten nå får en ungdomsdiakon i Førresfjorden menighet

Det meste ble avlyst i vår, alt fra 17. mai festen, gudstjenester og frivillig arbeid. Men nå starter aktiviteten gradvis opp igjen. Inntil videre kan en arrangere gudstjenester med maksimum 50 personer i tillegg til de ansatte. Folk som ikke er i samme familie, må da sitte i god avstand fra hverandre. I tilfelle det viser seg i ettertid at noen av de fremmøtte skulle være smittet, må man notere navnene på deltakerne, for å prøve å begrense videre smitte. Disse listene blir senere makulert.

Dåp og begravelser blir arrangert som før, men her kan det heller ikke være flere enn 50 til stede. En egen komité i kirken hadde jobbet med et stort og spennende program for feiringen av Aksdal kirke som blir 25 år i august. – Festgudstjenesten og noe av programmet går nok som normalt, men det meste regner jeg med blir utsatt til neste år. Så nå får vi glede oss til august 2021, sier Sigmund. Men kirken har også lært en del i denne tiden. Staben i kirken har vært flinke til å legge ut nyheter og ord for dagen på nettet, og disse har nådd ut til veldig mange. Folk som ikke kommer i kirken til vanlig, har hatt stor glede av dette. – Så vi må nok fortsette med å legge ut ting på «nettet», sier Sigmund.

– Å sitte hjemme og få med seg gudstjenester på nettet kan være greit, men det er jo mye mer sosialt og trivelig å være tilstede der det skjer, sier Sigmund. – Det kjekkeste med å være med i menigheten, er jo å treffe folk og være med og gjøre en innsats. Dugnadsånden er jo sterk her på Haugalandet, og flere burde vært med på dette givende arbeidet. Det er oppgaver nok for alle, – Og så lurer jeg på om vi skal arrangere en weekendtur for alle i menigheten når denne rare tiden er over, sier Sigmund. – Da blir vi ekstra godt kjent med hverandre!

Tillit til Jesus

av Ståle Hustoft

Det er urolige tider. Mange ting skil seg frå det vanlege, og mange ting å uroa seg over. Sjølv om dei fleste av oss er mest bekymra for jobb, økonomi eller helse til nokon me er glade i, så kan me kjenna på usikkerhet.

Me treng noko å halda fast i. Nokon å stola på.

Mange av oss kan berre drøyma om å klara å leva i 100% tillit til Gud. Ein større eller mindre grad av tvil vil alltid prega oss. Likevel vil me erfara at ved å leva i tillit til Gud, så vil Han gå med oss gjennom gode dagar og bera oss gjennom dei vonde dagane. Filosofen Nietzsche skal ha sagt at «Tillit bygges ved å ta den i bruk.»

På eit sommarkurs i 1977 på Hurdal Verk folkehøgskule sat Haldis Reigstad på ein bibeltime. Ho var uroleg for ein operasjon ho skulle ta, om svulsten var god- eller vondarta.

I boka «I di hand» skriv Reigstad: «Under denne bibeltimen var det som om Jesus løfta meg opp på fanget og gav meg trøyst. `Eg går tett ved sida di, Haldis. Ver ikkje redd, eg er med deg.` Denne livbøya fekk eg gripa tak i.»

Orda vart til eit dikt på ein lapp. Lappen gav ho seinare same dag til Gunstein Draugedalen, som var på same kurset, han har tonesett diktet som etterkvart har fått plass i den nye salmeboka.

Diktet er fullt av tillit til Jesus. Reigstad holdt fast i den barnlege tilliten til Jesus, også når sjukdom og uro truga. Denne songen har i løpet av «koronatida» vorte ein fast del av kveldsstunda på sengekanten hjå oss. Når ting er uvanlege er det godt å minna om at Jesus går tett ved sida vår i gode og vonde dagar.



Dei ukjende versa

«Tett ved sida mi» har to ekstra vers som ikkje vert bruka til vanleg, og som mange ikkje kjenner til.

Haldis Reigstad fortel sjølv i boka si: «Fleire år etter at songen var utgjeven, fekk eg telefon frå ein ven. Veslejenta deira på fem år var brått og uventa flytta heim til Jesus. `Tett ved sida mi` song ho ofte, og dei ville bruka denne songen i gravferda hennar. Om eg kunne tenkja meg å skriva eit vers til, der Jesus førde barnet like inn i himmelheimen. Dette svara eg ja til, og slik har songen fått eit nytt vers, og eit avsluttende kor.»

Tett ved sida mi

Haldis Reigstad

**Tett ved sida mi går Jesus,
alltid vil han vera der.
Eg treng ikkje gå og ottast
når eg fylgjer Jesus her.**

**Han på vegen vil meg vakta
så eg ikkje går meg vill.
Å, kor godt det er for barnet
å få høyra Jesus til.**

**Han som er den gode hyrding,
tek mi vesle, veike hand.
Dag for dag han trufast leier
Meg til himlens land.**

**Tett ved sida mi går Jesus,
alltid vil han vera der.
Eg treng ikkje gå og ottast
når eg fylgjer Jesus her.**

**Tett ved sida mi går Jesus,
Å, kor eg er sæl og fri
som kan jubla ut i lovsong:
Eg er hans til evig tid!**



**Snart skal eg i lag med Jesus
gjennom himmelporten gå.
Inn til herlegdom og glede
fører Jesus barnet då.**

**Der er ikkje gråt og tårer,
der vi møtast skal igjen,
aldri skiljast frå kvarandre
heime der i himmelen**

Gudsteneste på 17. mai i Skjoldastraumen kyrkje

av Synnøve Bårdsen Lindanger

**Det gjorde godt å få kome
på gudsteneste igjen!
Skjoldastraumen kyrkje var
pynta til nasjonaldagen og
fleire hadde våga seg ut av
huset og inn i kyrkja.**

Sjølv om me ikkje kan ha kyrjekaffi og gi kvarandre ein klem – ennå, gjorde det godt å få sjå kvarandre i augene og gi kvarandre gode smil.

Soknepresten vår Dag Tormod hadde ein gode tale om tillit og kva kvar enkelt av oss bør gjera for å ha tillit til Gud, kvarandre og det norske samfunnet.

«Tillit er menneskets følelse av at andres godhet, ærlighet og dyktighet er å stole på.» sitat frå Per Fugelli. Dette kan me også overføre inn i trua vår. Guds godhet mot oss kan me stole på og ha tillit til, som igjen kan overførast til våre medmennesker. Det handlar om å møte mennesker med tillit.

Me treng tillit til mange forskjellige ting i livet. Tillit er svært viktig i forskjellige situasjoner i livet. Tillit til Gud og tillit til medmenneske må me ta i bruk - og godhet vil gro.



Digital Kyrkjener-basar i Nedstrand sokn

av Synnøve Bårdsen Lindanger

**Basaren me skulle hatt i mars
blir 25.september.
Marit Heien, Solveig Selvåg og
Synnøve Bårdsen Lindanger
har hatt fleire basarmøter
og førebudd vårbasaren som
plutseleg blei utsatt.**

«Me har mange flotte gevinstar og viss du vil ta lodd skjer det kun på Vipps» fortel damene!

Me kan nok ikkje ha basar med song, andakt, gode kaker og mat denne gongen. Likevel skal trekninga gå føre seg med stødige hender og alle vinnarane vil bli informert og gevinstante vil kome i rette hender.

«Får me det til, skal me sende direkte på facebooksidene våre» seier Synnøve.

Vil du kjøpe lodd kan du vippse til: #137350, eller snakk med damene - så ordner dei resten.



Gevinstante er minst like flotte og fysiske som vanleg, sjølv om basaren vert digital.

Hvordan har du det...

EGENTLIG?

Krisetelefon 22 40 00 40
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no

Kirkens SOS
ET MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

**Neste nummer kjem i postkassen
ca. 21. august**

**Frist for stoff til nr 3/2020:
31. juli**

Send reportasjar, informasjon,
møtetidspunkt o.l.
til redaktør Ståle Hustoft,
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142

Dåpsskulesamlingar i Skjoldastraumen og Nedstrand



Førsteklassingane var invitert saman med ein vaksen til ein times samling. Kyrkjelydspedagog Janne presenterte boka «Tre i eit tre» - som handlar om tre vener som har hemmeleg klubb i eit tre, og som undrar seg på mangt og mykje, og blir kjende med både ulike menneske og noko av det som går føre seg i kyrkja.

Borna fekk boka med seg heim med oppfordring om å lese i sommar. Dåp og Jesus og barna, var tema. Og prest Dag Tormod underviste - og ungane følgde nøye med på den «arrangerte» dåpen. Etterpå laga ungane og dei vaksne saman ei due - forma ut fra hendene - som symboliserer dåpen og den heilage ande.



Samling i Nedstrand kyrkje 27. mai

Førsteklassingane var invitert til Skjoldastraumen kyrkje 26. mai



Allereie i september kan vi sjå kvarandre att på gardsbesøk i samband med hausttakkefest. Invitasjon kjem i posten!



Konfirmantopplæring 2020-2021

av Marit Sofie Teistedal Vikre

Nå er tida inne for påmelding til konfirmasjon for neste år!

Det blir konfirmantopplæring i Førresfjorden, Straumen, Nedstrand, Bokn og Tysvær sokn. Noen av kyrkjelydane har informasjonsmøte i juni, andre sender brev og gir nærmare informasjon til hausten.

Dei kommande konfirmantane må fylle ut påmeldinga på tysvaerkirken.no

Konfirmantopplæringa er for alle som ynskjer det. Difor vil vi legge opp til tilpassa opplegg for dei som treng det. Vi legg til rette for dåp for ungdommar som ikkje er døypte.

Oppstart av nytt konfirmantår blir i august/september.

Har du spørsmål kan du ringe kyrjekontoret for nærmare opplysningar: Tlf: 52 75 77 00.

Velkommen til eit nytt konfirmantår!



Konfirmasjonsdatoar våren 2021:

Bokn kyrkje: 2.mai
Aksdal kyrkje: 1.og 2.mai
Tysvær kyrkje: 8.og 9.mai
Nedstrand kyrkje: 2.mai
Skjoldastraumen kyrkje: 9.mai



Aksdal kyrkje feirar i år 25 år! Torsdag 27. august 2020 er det akkurat 25 år sidan biskop Bjørn Bue vigsla kyrkja.

Soknerådet har oppnemnd ein jubileumskomite som sidan i haust har planlagt ei spennande feiring i jubileumshelga 27. august til 1. september.

Korleis feiringa no kan gjennomførast, veit komitéen ikkje, men dei satsar i det minste på ei markering både laurdag 29. og søndag 30. august. Alt er avhengig av kva reglar som kjem frå helsemyndighetene, og kva tid desse

avklaringane kjem i fohold til kor lang tid ein treng til å førebu dei ulike arrangementa.

Neste nummer av Kyrkjetonar kjem i midten av august, og me vonar at programmet er avklart då.

Oppgradert nettside og sosiale medier

Endelig har fått vi fått oppgradert vår nettside www.tysvaerkirken.no

Vi er tar fortsatt mot forslag til endringer og meld gjerne fra om det er noe dere savner.

Følg oss også i sosiale medier:

- Instagram: [kirkenitysver](https://www.instagram.com/kirkenitysver)
- Aksdal kyrkje og Førre kirke
- Nedstrand kyrkje
- Skjoldastraumen kyrkje
- Soknehuset
- Bokn kyrkje





Studietur til Israel

av Janne Irene Eide og Marit Sofie Teistedal Vikre

Kirkelig undervisningsforbund (KUFO) arrangerte studietur til Israel og Palestina 6. – 15.mars 2020. Kyrkjelydspedagog Janne Irene Eide og kateket Marit Sofie Teistedal Vikre fekk høve til å reise saman med kollegaer frå heile landet og professor emeritus Fartein Valen-Senstad som reiseleiær. Reiseleiaren – som har budd i og gjort studier i landet sidan byrjinga av 1970-talet -var ei oppkomme av kunnskap, og spesielt spennande var det når han fortalde om Herodes-imperiet, og alt som skjedde rundt dette på Jesu tid.

Forventningar

Det kjendes ganske uverkeleg å skulle dra til Israel/ Palestina; land ingen av oss hadde vore i, men som likevel var kjende for oss. Forventningane var samansette. Tanken på å reise til Midtausten var eigentleg litt skremmande. Nyheitene her heime gir oss ofte bilete av strenge sikkerheitskontrollar, tungt væpna folk, uro, -og no også rykte om koronaepidemi. På same tid gjekk ein draum i oppfylling frå to pedagogar i kyrkja. No skulle vi endeleg kome til dei kjende stadane frå bibelhistoria, og få oppleve lukt, smak, sjå landskap og vegetasjon, bygningar og arkitektur. Vi skulle kome der Jesus hadde halde til då han levde på jorda. Vi hadde også forventning til å oppleve dagens Israel/Palestina, og få eit innblikk i avstandar i landet.



Bilete over: I Jerusalems gater. Frå venstre: Reidun Quale, Marit Sofie , Ingrid Bjørnereim og Janne.

Studietur og pilegrimsreise

Turen hadde ein sentral tråd i sjølve reiseruta; frå Betlehem (Jesu fødsel), nordover til Nasaret (Jesu oppvekst), gjennom Samaria, til Galilea og Genesaretsjøen (der Jesus virka) , så gjennom Jordandalen, ned til Dødehavet (400 m.u.h) og så til Jerusalem (Jesu død og oppstode). Den siste etappen skulle gå ut til Cæsarea ved havet , området der dei første kristne drog ut i den store verda for å fortelje vidare om Jesus, Messias; Frelsaren.



Bilete over: Modell over Jerusalem.

Men reiseruta blei litt annleis enn den planlagde. Ved ankomst på flyplassen i Tel Aviv fekk vi beskjed om at vi ikkje kunne kome inn i Betlehem og dei palestinske områda på grunn av Korona-epidemien. Sjølvsaugt var dette ein nedtur, men endringane som måtte skje la likevel ingen dempar på turen. Guiden og reiseleiær gjorde ein kjempeflott jobb med raskt å fylle programmet med andre tilgjengelege stader å besøke. Vi blei eit godt samansveisa reisefølgje, og fekk ei reise som både var fagleg lærerik, men også blei ei pilegrimsreise som ga næring til trua.

Mangfaldet

Jerusalem er ein sentral og heilag by for både jødar, kristne og muslimar. Folket her representerer ikkje berre eit religiøst, men også eit etnisk mangfald. I bybilde ser ein det religiøse manifestere seg i klesdrakter, religiøse bygg og religiøse markeringar.

Gjennom vår reise fekk vi glimt av tidlegare historie – som er kjent gjennom skrifter og arkeologiske funn.



Møte med modell som viste Jerusalem under romersk tid (65 f.Kr – 70 e.Kr), fekk oss til å forstå noko av dei gigantiske dimensjonane kongepalass og tempel hadde, - og kontrastane mellom desse bygga og dei enkle og fattige busettingane rundt på den tid.

Ulike landskap

Landskapet nordover var fasinerande, frå sletter med grøderik jord, til karrige åsar, høgder og dalar, oliventre over store områder, sauer på beite, gigantiske fjell – og ørken, så innsjø og Jordanelva. Busetjinga låg mest i klynger eller byar, gråe bygg i sement eller stein. Her låg dei kjente historiske stadane på rekke og rad. Valen-Senstad sine skildringar var så gode at vi kunne sjå for oss korleis Herodes hadde dominert, korleis menneska tidlegare forflytta seg og levde – og lære om arkeologiske funn som stadig gjev nye brikker i den store forteljinga. Det var også sterkt å stå på Golanhøgden, på tidlegare syrisk område som sidan seksdagarskrigen i 1967 har vore okkupert av Israel.



Bilete over: Undervisning ved Magdala

Bibelhistoriske stader

I Nasaret besøkte vi “Nazareth Village” som var rekonstruksjon av bylivet på Jesu tid. Vi møtte ein lokal kristen prest, og det var spennande å høyre om hans forhold til å veksa opp i same by som Jesus. Paradokset er at kristne er fåtall i denne byen.

På dei kjende historiske stadane frå bibelhistoria (vi fekk påpeikt at hendinga ikkje nødvendigvis fann stad akkurat der) var det på dei fleste plassane reist ei kyrkje, som “Bebudelsekirka” – staden der Maria fekk



Bilete til venstre: Samling ved Vestmuren, kjend som “Klagemuren”, med mann- og kvinneside.
Bilete over: Marit Sofie følger avslutning av sabbat.

besøk av engelen Gabriel med beskjed om at ho skulle bli mor. Noko av det spesielle i kyrkja var dei store bileta henta frå heile verda med framstillingar av Maria og barnet – med uttrykk frå den lokale kulturen bileta kom frå.

Ingen kvardagskost er det heller å få dra opp i ørkenfjella og sove i beduinar-telt. Vi blei overraska med ein dromedar-ridetur utover fjellsida i solnedgang. Neste morgon var vi klare kl 4.30 for å vandre opp på det mektige Masada-fjellet for soloppgang og masse interessant historie. Vidare gjekk turen til besøk i Qumram med sine funn av skriftrullar i holer, og så vidare til Dødehavet (som ligg 400 meter under havflata, lågaste stad i verda).

Jerusalem

Tilbake i Jerusalem. Gamlebyen sine gater er tronge, men sjarmerande. Tilbake og rett inn i jødisk konfirmasjonsfeiring ved Vestveggen. Vi går opp på tempelplassen der Al-Axa moskeen ligg.

Tida er komen for å fylgje Jesu dramatiska historie. Vi dreg til Oljeberget, går gjennom Getsemanehagen, kjører til Davidsbyen og Siloadammen, til øvstepresten Kaifas sitt hus, går ned i fangeholet – og går Via Dolorosa og til gravkyrkja.



Bilete over: Frå Getsemanehagen og Gravkyrkja

Danningsreise

Holocaust-museet blei ei sterk avslutning på turen, som blei eit par dagar kortare enn planlagd.

På ei veke har vi ikkje sjans til å kunne meine så mykje om konflikt og spenning i Israel/ Palestina, men nyhende som kjem frå området møter vi no med større merksemd og interesse...

Når vi no les bibeltekstar, har dei fått nye "bilder" og dimensjonar.

Dette blei meir enn ein tur, og vi ønskjer å ta inntrykk og lærdom frå turen med oss som ein ressurs i eige liv, og som pedagogar i kyrkja.



Fellesbilde med utsikt over Jerusalem

Høgdepunkt frå turen

Turen var spekka med inntrykk og høgdepunkt, og vi har skrive eit glimt kvar frå eigen oppleving.



Bilete over: Altarparti frå kapellet ved Genesaretsjøen.



Bilete til høgre: «Og kvifor er de urolige for kleda? Sjå liljene på marka, korleis dei veks! Dei strevar ikkje og spinn ikkje, men eg seier dykk: Ikkje ein gong Salomo i all sin herlegdom var kledd som ein av dei.» (Matt 6, 28)

Marit Sofie sitt høgdepunkt: På Saligprisningsberget

Matteus 6, 25-34 er eit av yndlingsavsnitta mine i Bibelen. Bibelteksten handlar om å ikkje vere bekymra, og om å søkje Gud først og ta han med i det som skapar frykt og bekymring. Det var sterkt å vera på Saligprisningsberget der Jesus holdt Bergpreika og sjå utover vide marker med blomstrande åker-sennep og med utsikt ned på Genesaretsjøen! Det var ei flott kyrkje der, og i parken utanfor kunne vi sjå både liljer og fuglar. I deilig sommartemperatur vandra vi langs gule marker nedover bakkane mot Genesaretsjøen. På sjøen var det ein fiskebåt.

Vi stoppa ein stad, og det blei lese frå Matteus 6. Det var som å vere og leve midt i det vi les i Bibelen. Eg opplevde ennå sterkare enn før at dette er sanne ord. Dette er ord til å leve og døye på.

Janne sitt høgdepunkt: Ved Genesaretsjøen

Genesaretsjøen var ein av dei autentiske stadane vi besøkte. Her var arbeidsplassen for fleire av læresveinane som var fiskarar, og langs sjøen vandra Jesus både før og etter oppstoda. Midt i det kvardagslege.

I 2009 grov ein fram fiskelandsbyen Magdala – som no er blitt eit spennande arkeologisk senter, ein korsveg mellom jødisk og kristen historie. Eit nydeleg kapell var sett opp, med eit altarparti som tok pusten frå meg. Alteret var ein fiskebåt, og plassert over ei hamn frå det 1. århundre. Bak båten var eit stort bua vindauge med Genesaretsjøen rett utanfor. Vi kom hit i det månen viste seg i vindauge og spegla seg på sjøen.

Akustikken var fantastisk og kjenslene sterke i kapellet då reisefølge stemte i "Laudate omne gentes; Syng lovsong heile jorda!"



Bilete over: Vandring ned frå Saligprisningsberget med utsikt mot Genesaretsjøen.



Nytt misjonsprosjekt: Stefanusbarna i Egypt

tekst/foto: Stefanusalliansen

Nedstrand sokn har inngått nye avtaler om misjonsprosjekt. Nedstrand kyrkje og Skjoldastraumen kyrkje skal nå støtte Stefanusalliansen og NMS. Det ene prosjektet, som blir presentert her, går under navnet Stefanusbarna. Men kanskje er navnet til organisasjonens grunnlegger, Mamma Maggie, mer kjent i Norge.

Mamma Maggie, eller Magda Gobran, omtales ofte som Midtøstens Moder Theresa. Mamma Maggie vokste opp i en rik, kristen familie i Kairo, Egypt. Hun kjente lite til den nøden som preger stadig flere familier i storbyens utkant. Gjennom mange år har kristne egyptiske familier strømmet til Kairo med en



drøm om en ny start. De siste årene har Egypt vært preget av revolusjoner og ustabilitet, og dette har også gått hardt utover livsvilkårene til fattige kristne familier sør i Egypt. Men uten utdanning ender drømmen brått i møte med Kairos slumområder. Mange familier finner ut at eneste måte å tjene penger på, er å samle inn søppel for å kildesortere den, før de selger søppelet videre. Profitten er svært beskjeden, men de helseskadelige følgene av et liv i og av søppel er mange.

Et liv i slummen byr på åpenbare utfordringer: mangel på hygiene, utdanning, muligheter. Håpløsheten fører også dypere nød med seg, og rusmisbruk, vold og overgrep forsterker og sementerer fattigdommen. Mange familier mister også sin kristne tro og identitet, og mister sin tilhørighet til ett av verdens eldste kirkesamfunn, den koptisk-ortodokse kirke.

Mamma Maggie var en suksessrik akademiker da hun for over 30 år siden fikk et brått møte med den fattigdommen hun lenge hadde oversett i sin egen by. Omveltningen ble stor for Mamma Maggie og hennes familie da hun bestemte seg for å selge alt hun eide og vie sitt liv til å hjelpe barna i søppelslummen. Hun fant for ut at hennes dypeste motivasjon var å arbeide for å gi hvert barn framtid og håp, midt i alt det håpløse.

Over de siste 25 årene har organisasjonen Stefanusbarna vokst jevnt, og over 1700 ansatte og frivillige medarbeidere har i dag sluttet seg til den samme visjonen.

Stefanusbarna har forpliktet seg til et langsiktig nærvær i slummen. – Vi må være nær disse familiene og barna deres for selv å kjenne deres smerte og se deres sammensatte behov, både fysiske og åndelige, sier Mamma Maggie. I praksis er det ulovlig å bygge nye kirker i Egypt. Men Mamma Maggie ble tidlig klar over et juridisk smutthull: hun kunne starte kristne barnehager. Gjennom barnehagene får barna både trosopplæring og en god forberedelse til skolestarten. Veien ut av slummen går via ny selvtilitt og utdanning. Andre viktige satsningsområder er oppfølging av familiene hjemme, yrkesutdanning, grunnskole,



legehjelp, matutdeling til de aller fattigste, barnehjem og mødreundervisning. Til sammen når arbeidet ut til over 25.000 familier i hele Egypt.

Stefanusbarna arrangerer også hyppige barne- og ungdomsleire. Her får hver deltaker et livsviktig pusterom, og får mye tid med kompetente voksne som hjelper med bearbeidelse av traumer som mange bærer på. Flere hundre barn står sammen og synger av full hals: Alt makter vi i han som gjør oss sterke!

Og her ligger den store hemmelighetene til Stefanusbarna. De tørr å ta Gud på alvor, midt i et hav av fattigdom i alle sine nedverdiggende former. De lever og arbeider med en klar forventning til Gud – at han handler her og nå.



Så måtte også vi stenge ned.....

nytt frå kyrkjeverja

Torsdag 12.mars kommer heller ikke vi på kirkekontoret til å glemme. Fra å ha en ordinær hverdag med mange aktiviteter i menighetene våre – måtte vi i løpet av få dager gi beskjed om at vi måtte stenge ned all aktivitet.

Mange av innbyggerne i Tysvær er engasjert i frivillig arbeid og i ulike stillinger for å drive diakonalt arbeid, trosopplæring og kultur-arrangementer blant barn, ungdom, voksne og eldre, hver dag hele uken.

Vi har, som mange andre, snudd oss rundt om feiret gudstjenester digitalt - sammen og hver for oss. Vi har gått samtaleturer og gjennomført andakter for våre eldre ute i det fri.

Selv om vi var nødt for å avlyse gudstjenester, konfirmantundervisning, barne- og ungdomsaktiviteter og alle øvrige arrangement sørget vi for flere møtepunkt på nettet.

I kirkene våre ble det også lagt til rette for gjennomføring av dåp, vigsel og gravferd med den nærmeste familien tilstede.

Fra 17. mai kunne vi igjen feire gudstjenester og vi har åpnet skritt for skritt for andre aktiviteter.

Fortsatt er smittevernreglene der og som kirke ønsker vi å delta i den felles dugnaden i landet vårt. Hvor lenge og hvilke tiltak som vil være gjeldene fremover vet vi ikke. Men vi forholder oss til sentrale og lokale myndigheter.

Selv om det nå blir åpnet for arrangement for inntil 200 personer vil det ikke vær en realitet for oss. Ikke engang i vår største kirke vil vi klare å overholde alle regler dersom vi tar inn 200 besøkende. Derfor måler vi opp og setter ulike maksimaltall for hvert av byggene våre.

Vi er blitt mer digitale. Vi har i lang tid sett at vi måtte oppgradere nettsiden og øke bruken av sosiale medier som facebook og Instagram. Og det har vi klart. Vi har lagt ut minigudstjenester, andakter med mer på facebook og instagram.

Nettsiden har fått oppgradert informasjon og fått ny layout, men alt er ikke på plass slik vi har satt som mål – så vi vil fortsette med dette arbeidet.

Vi er stolte av det vi har fått til, og har som mål å fortsette med dette arbeidet. Gi oss gjerne tilbakemeldinger på hvordan vi kan bli bedre; Hva ønsker dere at vi skal fortsette med? Hva savner dere?

Eva Birkeland kyrkjeverge

Arbeid på gravplassane

Drenering

Det har i fleire år vore utfordringar med overflatevatn på deler av kyrkjegardane våre. Vi har prøvd ulike tiltak utan at det er blitt noko betre.

Eit eksternt firma har gitt råd om kva vi kan gjera. Vi har fått sett i gang nokre tiltak i Tysvær og Førre som vi vonar vil gje gode resultat.

Tiltaka som er forslått for Skjoldastraumen har større omfang, som gjer at vi må få på plass gode planløysingar og finansiering før vi kan setja igang.



Murar i Nedstrand

Ved Nedstrand kyrkje har ein del av kyrkjegarden vorte gjerda inne. Visuelle kontrollar, og seinare også rapportar frå konsulentfirma, har avdekka fuktgjennomtrenging og enkelte tendenser til utgliding i murane på kyrkjegarden.

Det pågår no ei kartleggjing av kva arbeid som må gjerast, og i mellomtida vil områda ved murane vera inngjerda.

Desse inngjerda områda vil også forvaltast slik at det er til beste for insekt og artsmangfold fram til arbeidet med murane tek til.

Gjennom livet

Døypte

Førre kirke

05.04 Ida Wee Førre Tindeland
26.04 Othelie Hovland

Aksdal kyrkje

19.04 Holly May Vestveit Olsen
Iver Lyngholm Dybevik

Tysvær kyrkje

15.03 Viggo Vedø Breitve
Konrad Våge Dalva
Kornelius Apeland Hausken
12.05 Sander Bjørkheim Erland
31.05 Theo Hervik Knutsen
Peder Langø Slogvik
Victor Svendsen Ulsaker

Nedstrand kyrkje

29.03 Adrian Aksland
31.05 Olivia Aursland Kvale

Skjoldastraumen kyrkje

19.04 Isabella Louise
Alano Bådsvik
03.05 Lana Saltvedt Økland

Vigde

Nedstrand kyrkje

30.05 Eivind Djursvoll
og Annamaria Judit Csaba

Skjoldastraumen kyrkje

24.04 Vidar Hauge
og Krizza Lopez Polvora

Jordfesta

Førre kirke

29.05 Signe Våge

Tysvær kyrkje

19.03 Ivar Presthagen
14.05 Birger Karluf Romseland
28.05 Valborg Lundervold

Nedstrand kyrkje

05.05 Kjell Eivind Helgesen

Skjoldastraumen kyrkje

20.03 Julianne Sørensen
17.04 Nils Magne Nerheim

Bisettelse

Nedstrand kyrkje

30.04 Nanny Vignes

Preiketekstane - sommaren 2020

Søndag 21. juni

Onsdag 24. juni

Søndag 28. juni

Søndag 5. juli

Søndag 12. juli

Søndag 19. juli

Søndag 26. juli

Onsdag 29. juli

Søndag 2. august

Søndag 9.august

Søndag 16. august

Søndag 23. august

Søndag 30. august

Søndag 6. september

3. søndag i treenighetstiden

Sankthansdagen / Jonsok

4. søndag i treenighetstiden

5.søndag i treenighetstiden

Aposteldagen

7. søndag i treenighetstiden

8. søndag i treenighetstiden

Olavsdagen / Olsok

9. søndag i treenighetstiden

10. søndag i treenighetstiden

11. søndag i treenighetstiden

12. søndag i treenighetstiden

13. søndag i treenighetstiden

Vingårdssøndag

Luk 14,15–24 Det store gjestebudet

Luk 1,5–17 Løftet om døperens fødsel

Mark 10,17–27 Jesus og den rike mannen

Matt 7,15–20 Falske profeter

Luk 5,1–11 Peters fiskefangst

Luk 15,1–10 Sauen og sølvmynten

Matt 6,19–24 Det udelte hjertet

Joh 12,24–26 Hvetekornet

Matt 11,28–30 Jeg vil gi dere hvile

Luk 5,27–32 Å kalle syndere til omvendelse

Matt 23,37–39 Som en høne samler kyllingene

Matt 6,24–34 Vær ikke bekymret for livet

Matt 25,14–30 Talentene

Matt 20,1–16 Arbeiderne i vingården

Velkommen til kyrkje



Me følg FHI sine smittevernsregler. Det blir åpent for maks antall personar i forhold til byggets størrelse, med 1 meter avstand. Pga situasjonen kan det bli endringer, følg med på nyheter/annonser.

Aksdal kyrkje

- 21. juni kl. 13.00**
Gudstjeneste
- 28. juni kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 26. juli kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 9. august kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 23. august kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 30. august kl. 11.00**
Jubileumsgudstjeneste
- 6. september kl. 11.00**
Gudstjeneste (Presentasjon konfirmanter)
- 13. september kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 26. og 27. sept kl. 10.30 og 12.15**
Konfirmasjonsgudstjenester

Tysvær kyrkje

- 28. juni kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 12. juli kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 2. august kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 9. august kl. 19.00**
Jazzmesse
- 23. august kl. 11.00**
Avskjedsgudstjeneste A. Aurdal
- 13. september kl. 11.00**
Gudstjeneste
(Presentasjon konfirmanter, ny sokneprest og 50 års konfirmanter)
- 20. september kl. 11.00**
Hausttakkefest
- 30. september kl. 19.00**
Ung messe
- 3. og 4. oktober kl. 11.00**
Konfirmasjonsgudstjenester

Bokn Kyrkje

- 28. juni kl. 13.00**
Gudstjeneste
- 19. juli kl. 13.00**
Gudstjeneste
- 9. august kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 23. august kl. 18.00**
Avskjedsgudstjeneste A. Aurdal
- 6. september kl. 11.00**
Gudstjeneste (Presentasjon konfirmanter, ny sokneprest og 50/60 års konfirmanter)
- 20. september kl. 15.00**
Hausttakkefest
- 23. september kl. 18.00**
Ung messe
- 27. september kl. 11.00**
Konfirmasjon

Førre kirke

- 21. juni kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 12. juli kl. 13.00**
Gudstjeneste
- 16. august kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 20. september kl. 11.00**
Gudstjeneste

Skjoldastraumen kyrkje

- 5. juli kl. 13.00**
Gudstjeneste
- 26. juli kl. 13.00**
Gudstjeneste
- 9. august kl. 13.00**
Gudstjeneste
- 23. august kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 6. september kl. 11.00**
Gudstjeneste
(Presentasjon konfirmanter)
- 10. september kl. 19.00**
Ung messe
- 13. september kl. 13.00**
Hausttakkefest
- 20. september kl. 11.00**
Konfirmasjonsgudstjenester

Nedstrand kyrkje

- 21. juni kl. 11.00**
Gudstjeneste friluft Leiranger
- 5. juli kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 19. juli kl. 11.00**
Gudstjeneste
- 2. august kl. 13.00**
Gudstjeneste
- 16. august kl. 11.00**
Gudstjeneste NMS jubileum
- 6. september kl. 13.00**
Gudstjeneste
(Presentasjon konfirmanter)
- 13. september kl. 11.00**
Hausttakkefest
- 17. september kl. 19.00**
Ung messe
- 27. september kl. 11.00**
Konfirmasjonsgudstjeneste